

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Stølsheimen verneområdestyre  
**Møtestad:** Stølsvatnet til Åsedalen  
**Dato:** 08.06.2021  
**Tidspunkt:** 11:00 8. juni - 15:00 9. juni

---

Møtet vert gjennomført med synfaring på stien i Berdalen og Stordalen. Synfaringa er planlagt for å vurdere aktuelle tiltak på stien i dette området, jf. styresak 4/21 – Stølsheimen landskapsvernområde – utbetring av sti – Hallsetstølen til Øvre Berdalsvatnet.

Oppmøte på parkeringa ved Stølsdammen i Modalen 8. juni. Det vert overnatting på turisthytta i Åsedalen. Retur til Stølsdammen 9. juni. Planen er å vera tilbake ved bilane kl. 15.00.

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 99499753 eller på e-post [fmsfano@statsforvalteren.no](mailto:fmsfano@statsforvalteren.no). Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 8/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 9/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 10/21	Orienteringar og referatsaker <ul style="list-style-type: none"><li>- Ny styrenettside og nettside om Stølsheimen landskapsvernområde</li><li>- Byggeskikk-kampanje</li><li>- Basiskartlegging i Finnafjorden</li><li>- Prosjekt Evaluering av skjøtselsarbeid på stølar</li><li>- Status - informasjonsskilt i Stølsheimen</li><li>- Oppfølging – Evaluering av forvaltningsordning for nasjonalparker og store verneområde</li></ul>		
RS 3/21	Tilbakemelding på søknad - Stølsheimen landskapsvernområde - Nonhaugen - Rappen - motorferdsel - helikopter		2021/4172
ST 11/21	Delegerte saker		
DS 1/21	Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Mørkves-Grøndalen - motorferdsel		2021/5149
DS 2/21	Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Holmavatnet i Sendedalen - motorferdsel med snøscooter		2021/5641
DS 3/21	Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Sendedalen - motorferdsel med snøscooter		2021/5291
DS 4/21	Delegert vedtak - Stølsheimen verneområdestyre - Bjergane - Nipane - Rappen - motorferdsel i samband med brøyting av anleggsveg		2021/7142
DS 5/21	Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel - feilretting 300 kv-ledningen - Statnett		2021/7994
ST 12/21	Stølsheimen landskapsvernområde - rettleiar for bruk av kommersiell logo i verneområde		2021/8256

**ST 8/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 9/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**

**ST 10/21 Orienteringar og referatsaker**

**RS 3/21 Tilbakemelding på søknad - Stølsheimen landskapsvernområde - Nonhaugen - Rappen - motorferdsel - helikopter**

**ST 11/21 Delegerte saker**

**DS 1/21 Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Mørkves-Grøndalen - motorferdsel**

**DS 2/21 Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Holmavatnet i Sendedalen - motorferdsel med snøscooter**

**DS 3/21 Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Sendedalen - motorferdsel med snøscooter**

**DS 4/21 Delegert vedtak - Stølsheimen verneområdestyre - Bjergane - Nipane - Rappen - motorferdsel i samband med brøyting av anleggsveg**

**DS 5/21 Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel - feilretting 300 kv-ledningen - Statnett**



Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	12/21	08.06.2021

## Stølsheimen landskapsvernområde - rettleiar for bruk av kommersiell logo i verneområde

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre godkjenner dokumentet *Rettleiar – søknad om bruk av kommersiell logo i Stølsheimen landskapsvernområde*. Verneområdestyret behandlar og godkjenner søknader om bruk av kommersiell logo i tråd med denne rettleiaren.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Rettleiar – søknad om bruk av kommersiell logo i Stølsheimen landskapsvernområde
- Designmanual for Norges nasjonalparker -
- <https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/kommersielt-merke/retningslinjer>

I designmanualen for Norges nasjonalparker er det opna opp for at verksemder med geografisk tilknytning til ein nasjonalpark, og i enkelte høve andre verneområde, kan søkja om løyv til å bruka eit spesiallaga merke. Dette merket skal brukast saman med verksemda sin eigen logo.

Miljødirektoratet har utarbeid eigne retningslinjer for søknad om kommersiell bruk av merkevara Norges nasjonalparker.

Verneområdestyret behandlar og godkjenner søknader frå verksemder med geografisk tilknytning til Stølsheimen landskapsvernområde.

### Vurdering

Utkast til Rettleiar for bruk av kommersiell logo i Stølsheimen landskapsvernområde ligg som vedlegg til denne saka. Rettleiaren vert lagt fram for godkjenning i Stølsheimen verneområdestyre.



## Rettleiar til søknad om bruk av kommersiell logo for Stølsheimen landskapsvernområde

### Kommersiell bruk av merkevara Norges nasjonalparker

Det er lagt til rette for at verksemder med geografisk tilknytning til ein nasjonalpark eller større verneområde kan søke om løyve til å bruke eit spesiellaga merke som viser tilknytninga til verneområdet. Merket skal brukast saman med logo for eiga verksemd i marknadsføringa av eit produkt, ei teneste eller ein aktivitet. Merket er ikkje eit kvalitetsstempel, og representerer ikkje nokon form for godkjenning, finansiering eller anna støtte frå verneområdet eller forvaltningsmyndigheten. Det er ein kvalitet i seg sjølv å ligge i nærleiken av eit verneområde, og det er dette vi ynskjer at di bedrift skal kunne nyte godt av. Merket er gratis å bruke, men du må søke verneområdestyret om løyve til bruk.

### Kven kan bruke det kommersielle merket for Stølsheimen landskapsvernområde?

Du kan søke om å få bruke det kommersielle merket for Stølsheimen landskapsvernområde dersom

- du driv kommersiell, frivillig eller anna type verksemd i eller ved landskapsvernområdet.
- produktet du tilbyr kjem frå verneområdet
- du arrangerer ein aktivitet i eller ved landskapsvernområdet

Produktet/tenesta du tilbyr bør

- Vere miljøvennleg
- Vere kjenneteikna av kvalitet, gode råvarer og godt handverk
- Tilby informasjon om Stølsheimen landskapsvernområde, direkte eller indirekte.
- Ha opphav i lokalt næringsliv
- Ha ein «eigenart» for Stølsheimen landskapsvernområde

Verneområdestyret kan gje godkjenning til fleire produkt/tenester i same kategori dersom dei innfrir kriteria. T.d. guida turar eller saueskinnsfeller frå ulike leverandørar.

### Ulike logoar

Det er tre alternative merker. Du får ei fil med logoen til Stølsheimen landskapsvernområde etter godkjenning.

Figuren under viser døme på dei tre alternative merke:



KOMMER FRA:	 Jostedalsbreen nasjonalpark
ORIGINS FROM:	Jostedalsbreen nasjonalpark
SKJER I:	 Jostedalsbreen nasjonalpark
HAPPENING IN:	Jostedalsbreen nasjonalpark
VED:	 Jostedalsbreen nasjonalpark
BY THE:	Jostedalsbreen nasjonalpark

## Korleis kan eg bruke merket?

Du kan eksempelvis bruke merket som klistremerke i butikkvindauge, i program eller brosjyrar, på nettstadar, i e-post og på plakatar. Merket skal alltid brukast saman med verksemda sin eigen logo.

## Kva er kriteria for bruk?

Det kommersielle merket må ikkje brukast på ein måte som kan skade omdømmet til Stølsheimen landskapsvernområde eller Norges nasjonalparker, eller på ein måte som strid mot verneområdet sine retningslinjer eller formål. Du kan lesa verneforskrift og retningslinjer her: <https://www.nasjonalparkstyre.no/Stølsheimen/publikasjoner>

Det er ikkje lov å bruke det kommersielle merket på reklamemateriell eller varer utan følge av verksemda din eigen logo, som t.d. på brevhovud eller på emballasjen for eit produkt. Det må alltid gå klart fram kven verksemda bak produktet eller tenesta er, at dette ikkje er eit verneområdeprodukt eller -teneste, og at det ikkje er eit verneområdegodkjent produkt eller teneste.

Verneområdestyret kan trekke tilbake ein godkjenning dersom produktet ikkje lenger innfrir kriteria eller dersom godkjenninga blir misbrukt.

Miljødirektoratet tilrår i tillegg å følge kriteria for berekraftige reisemål, som er ein nasjonal sertifiseringsordning. Meir info om den finn du her:

<https://business.visitnorway.com/no/verktoy/merket-for-baerekraftig-reisemaal/>

## Kvifor må eg signere ein avtale?

Logoen for Norges nasjonalparker er ein verdifull ressurs, og eit beskytta varemerke, dette gjeld også det kommersielle merket.

Det er viktig å handheve riktig bruk til fordel for alle som ynskjer å knyte verksemda si til Norges nasjonalparker. Misbruk kan øydelegge verdien for alle som brukar merket. Det må derfor signerast ein forpliktande avtale med verneområdestyret for bruk av merket.



Gjennom avtalen anerkjenner du kriteriene for bruk og bind deg til å bruke merket respektfullt, hensiktsmessig og etter retningslinjene.

Berre dei som har søkt om og fått løyve til å bruke merket, kan gjere det.

### **Får eg merket til odel og eie?**

Det er Stølsheimen verneområdestyre som avgjer varigheita for retten til bruk av merket. Du kan søke om å bruke merket for ei tidsavgrensa hending, eller for eit produkt eller teneste over lengre tid.

### **Korleis søker eg?**

Dersom du etter å ha lest innhaldet i dette dokumentet ynskjer å søke om å bruke det kommersielle merket for Stølsheimen verneområdestyre, kan du fylle ut og signere skjemaet du finn her:

[Last ned søknadsskjema](#)

Skjemaet sender du til Stølsheimen verneområdestyre.

Adresse:

Stølsheimen verneområdestyre

v/Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863 Leikanger

E-post: [sfvpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvpost@statsforvalteren.no)

Viss verneområdestyret godtek søknaden din vil du få tilsendt merket i høg oppløysing, på ulike språk og i ulike filformat. Du vil også få tilsendt ein signert avtale og retningslinjer om korleis du bruker merket.